



## Møteprotokoll STYREMØTE FNF Møre og Romsdal

**Dato:** Måndag 9 jan. 2017  
**Stad:** FNF sine lokaler i Molde  
**Kl:** 1600 - 1900

---

### Sakliste

---

Frammøtte: May Britt Haukås (SF), Ola Fremo (FNR), Åsmund Steen (ÅST), Øystein Folden (NAT). Meldt forfall; Åsa Fredly (NJFF).

#### Sak 01.17 Godkjenne referat frå styremøte 1 des 2016

##### Vedtak:

Styret godkjente referatet fra styremøtet 1 des 2016.

#### Sak 02.17 Anleggsrådet og spelemidler til friluftslivsanlegg

På styremøtet 1 des. 2016 vart det bestemt at FNF Møre og Romsdal spør dei andre fylkes FNF om dei ulike fylka sin bruk av naturmangfoldlova knytt til spelemidler. Dette er gjort og svaret er at 5 av fylka svara på spørsmålet ved at dei svarar at **nei**, naturmangfoldlova blir ikkje brukt knytt til spelemidlane. Me reknar med at dei fylka som ikkje svarar heller ikkje nyttar naturmangfoldlova knytt til vurderingar av desse statsmidlane. Eg refererer to av tilbakemeldingane frå FNF-koordinatorane;

*«Snakket nettopp med saksbehandler for spillemidler hos fylkeskommunen, og hun sa at de ikke benyttet seg av Naturmangfoldloven ved vurdering, da dette ikke var beskrevet i veilederen (?) de benyttet ved behandling. Saksbehandler var interessert i å høre mer om dette om vi kom frem til noe mer, men de fleste saker blir nok antakeligvis ivaretatt via PBL.»*

*«Dette må undersøkes nærmere, og at søknadspliktige tiltak senere uansett må gjennom grundigere vurderinger etter naturmangfoldloven. Å ha intensjon om å bygge noe eller vurdere å gjøre et naturinngrep er ikke ulovlig i seg selv. Politikerne og tiltakshavere foreslår jo mang en plan uten at den nødvendigvis blir gjennomført. Er ikke tiltaket søknadspliktig, så har det vel ingen betydning hvem som foreslo det, og naturmangfoldloven slår ikke inn.»*

#### Tabell: Spørreundersøkelse blant FNF-koordinatorane om bruk av naturmangfoldlova knytt til spelemidlane



	Bruk av N-lov	Merknad
Møre og Romsdal	NEI	Prøvd å innføre bruk av N-lov utan positivt respons
Sogn og Fjord	NEI	Blir evt aktuelt når tiltaket behandles etter PBL i kommune
Hordaland		
Rogaland		
Agder		
Telemark	NEI	
Buskerud	NEI	og ikke aktuelt!
Vestfold		
Oslo		
Akershus		
Østfold		
Hedemark		
Oppland		
Sør Trøndelag	NEI	Foreløpig ikkje aktuelt
Nord Trøndelag	NEI	Ivaretas ikke dette gjennom PBL?
Nordland		
Troms		
Finmark		

### Vedtak:

FNF lagar to brev; det eine med spørsmål til klima- og miljøverndept. og kulturdept om manglande bruk av naturmangfaldlova i fordeling av spelemidlane i Møre og Romsdal. Det andre om å prioritere friluftslivsbygg, nærmiljøtiltak og eigenorganisert folkehelse til kulturdept. Kopi til FNF-koordinatorane, Norsk Friluftsliv, Friluftsrådenes Landsforbund, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

### Sak 03.17 Verneområdestyra – rådgjevande utval og styre

#### Vedtak:

**Dovrefjell:** FNF Møre og Romsdal forhandlar med FNF SørTrøndelag om val av repr til rådgjevande utval for Dovrefjell. Naturvernforbundet stiller seg positiv til å vere repr. Leiar og FNF-koordinator forhandlar med FNF SørTrøndelag.

**Trollheimen:** FNF Møre og Romsdal melder inn følgjande kandidatar til å sitte i områdestyret for Trollheimen; Ragnar Halle og Gøran Bolme frå NJFF Møre og Romsdal.

### Sak 04.17 Årsmøtesaker - FNF – økonomi og handlingsplan for 2017

#### Vedtak:



forum for  
Natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Årsmøtet vart satt til tysdag 14 mars i Molde. Neste styremøte tysdag 14 feb. (kl 10 på formiddag tilpassa bussruta) på Vestnes. Fram til dette styremøtet skal ein kome med eit forslag til rekneskap der mva samt friluftslivets veke skal vere med. Rekneskapet for 2016 blir sendt til revisor etter styremøtet 14 feb.

## **Sak 05.17 Aktivportalen/Kulturlandskapsskolen**

### **Vedtak:**

Styret i FNF orienterer sine org. om moglegheita som ligg i [www.aktivportalen.no](http://www.aktivportalen.no).

### **Referat og muntlege orienteringar**

- A Skogsvegsaka i Moldemarka**
- B Friluftslivets veke 2016**
- C Tilgjengelegheit til forvaltningsplanane for dei sikra friluftsområda (utkast til brev til Miljødir vurdert)**

Åsa Fredly  
Styreleiar

Ingbjørn Bredeli  
FNF-koordinator